

Kvernsteinsbrota i Hyllestad: ei historie i tre akter

Per Storemyr og Torbjørn Løland, Musea i Sogn og Fjordane, avd. Norsk Kvernsteinsenter

Lihesten er sjølv symbolet på Hyllestad. Majestetisk ruvar den over ein liten kommune med eit av Noregs største kulturminne: kvernsteinsbrota. Herifrå vart det skipa ut handkverner og vasskverner til store deler av Nord-Europa i vikingtida og middelalderen.

Men Lihesten er også eit symbol på den dramatiske geologihistoria som gjorde kvernsteinsproduksjonen mogeleg. I denne artikkelen får du heile historia i tre akter; den fyrste akta starta for fleire hundre millionar år sidan, den siste foregår no - i friluftsmuseet Kvernsteinsparken under det ruvande fjellet.

1. akt: Geologien

I jordas oldtid eksisterte ikkje Lihesten. Jordkloden såg heilt annleis ut enn i dag. Hyllestad låg ute i havet ved eit gammalt kontinent som geologane kallar Baltika; vi kan godt kalle det Ur-Europa. Her langs strendene og under bølzene vart det avsett store




mengder grus, sand og ikkje minst leire.

Det er denne leira som er løyndomen bak kvernsteinane i Hyllestad. Ein løyndom som også har å gjere med eit anna kontinent, Ur-Amerika, som gjennom ein dramatisk, men uendeleg lang prosess kolliderte med Ur-Europa.

Det gamle baltiske grunnfjellet, med sand og leire langs kanten, vart under kollisjonen trykt mange titals kilometer ned i jordskorpa under Ur-Amerika. Her kokte det så voldsomt at leira vart forvandla til fast skifer med mengder av fine, raude granatkrystallar. Slik vart granatglimmerskiferen fødd; den som skulle bli Hyllestad sitt store aktivum 400 millionar år seinare.

Men det skulle gå lang tid før granatglimmerskiferen kom opp frå djupet. For kollisjonen mellom dei to kontinenta fortsette og resulterte i danninga av Den kaledonske fjellkjeda - ei fjellkjede som var minst like stor som dagens Himalaya. Fjellkjeda vart til slutt så høg og tung av ho etterkvart kollapsa under si eiga vekt. Då vart det verkeleg dramatisk: Steinblokker ramla ned frå fjella og





danna store steinurer, enorm erosjon og store elvar transporterte gigantiske mengder stein, grus og sand ned i dalane og ut på slettene; avsetjingane dekkja alt og alle, også vår granatglimmerskifer.

Det er desse store avsetjingane frå perioden Devon som har skapt Lihesten og andre konglomeratfjell på Vestlandet, for eksempel Kvamshessten. Solund, den ytterste kommunen i Sogn, består nesten utelukkande av konglomerat som er den yngste bergarten vi har i denne delen av Noreg. Samstundes som fjellkjeda kollapsa og vart nedbrota, sklei dei to kontinenta sakte men sikkert frå kvarandre att.

Atlantehavet vart åpna og voks seg stort. Mykje erosjon og mange istider har seinare skura landskapet på Vestlandet til det postkortet vi kjenner så godt i dag: Lihesten ruvande over Åfjorden – med eit belte av granatglimmerskifer omkring: eit kvernsteinsbelte, heile 20 kilometer langt.

2. akt: Kvernsteinsbrota

Det var geologien som gav oss kvernsteinsforekomstane, men den gav oss og den unike plasseringa langs sjøen – folket sin «motorvei» heilt frå den norske steinalderen starta då isen trekte seg attende for meir enn 12.000 år sidan. Og rett ved er Noregs viktigaste «vegkryss», munninga av Sognefjorden, også det skapt av geologien. Her møttest aust og vest, nord og sør. Her møtte ein kvarandre gjennom heile historia, på handels- og krigartokter – eller med bod om festleg lag.

Men landskapet er karrig her ute

ved havet. Difor ga det aldri grobotn for store befolkningsentra, sjølv om vi finner massevis av spor etter menneskeleg aktivitet heilt frå steinalderen. Det var forresten nære på for 1000 år sida, då kong Olav Kyrre spekulerte på å etablere ein kaupang ved Lifjorden i Hyllestad. Det vart med tanken – og Bergen gikk av med sigeren.

At granatglimmerskiferen under Lihesten kunne brukast til kvernstein var kjendt lenge før Olav Kyrre var her. Men vi veit ikkje nøyaktig når og korleis produksjonen kom i gang. Men steinen her vart aldri brukt til produksjon av skubbekverner, som er dei fyrste kvernene menneska tok i bruk for tusenvis av år sidan. Det er fyrst når dreiekverna/roterkverna gjer sitt inntog i Noreg at Hyllestadsteinen vert interessant.

Dreiekverna vart "oppfunnen" i middelhavsområdet for meir enn 2500 år sidan og vart fort teken i bruk nordover i Europa. Den kom til Noreg, kanskje som følgje av romarane sin ekspansjon til Tyskland og England, ei tid etter Kristi fødsel. Dei fyrste dreiekvernene var ofte av underlege og ulike former, men frå folkevandringstida aner vi ei standardisering til lette, mobile kverner som kunne roterast med handkraft (handkvern). Det er frå då av, men spesielt frå starten av vikingtida at Hyllestadsteinen dukkar opp ved arkeologiske utgravingar - og på botn av havet. Laster etter skipsforlis med hundrevis av kvernsteinar er funne langs kysten vår - tause vitne om dei gangane utskipning for salg gjekk gale.

Det at handkvernene frå Hyllestad framstår som standardiserte heilt frå starten, kan tyde på at høvdingar og stormenn med kunnskap dei hadde fått på ulike reiser, sto bak regelrett geologisk gransking for å finne stein som egna seg. Granatglimmerskiferen er god til kvernstein fordi alle dei harde, små granatane er blanda i ein mjuk grunnmasse av glimmer. Glimmeren slitast vekk når over- og un-

dersteinen skrapar mot kvarandre og dermed kjem det stadig ut "nye" granatar som syter for maling av kornet. Sjølve steinen, granatglimmerskiferen, er ikkje unik, den finn ein i mange delar av landet og den er brukt til kvernstein på fleire plassar, men det var Hyllestad som voks til den største produksjonsstaden i gamal tid - mykje på grunn av den gode geografiske plasseringa.

Vi kjenner til ikkje mindre enn 367 kvernsteinbrot langs Åfjorden. Det er store brot, som dei på gardane Myklebust og Rønset, og det er mengdevis av små brot spreidde langs nord- og austsida av fjorden. I starten var det berre handkverner som vart hogde ut av fjellet og sendt på reise til store delar av Noreg, Danmark, Svevige, østersjøområdet og øyane i vest. Seinare kom dei større vasskvernene til og vart etterkvart det dominerande produktet.

Produksjonstoppen vart nådd i middelalderen. Då hadde kyrkje- og klostermakt teke over og tente godt på salg og eksport. Om steinhoggarane og dei som transporterte vart like godt lønna, er vel heller tvilsamt. Men vi veit ikkje mykje om dette, ei heller kven steinhoggarane eigentleg var. Erfarne trelar eller frie menn? Heilproffe handverkarar? For utviklinga av dei store brota i høgmiddelalderen held vi ein knapp på dei sistnemde. Slike hadde kanskje og ein finger med i spelet ved hogging av eit anna viktig produkt frå steinbrota, nemleg steinkrossar. For visste du at over halvparten av dei omlag 40 steinkrossane frå sein vikingtid og middelalder på Vestlandet er hogde i Hyllestad? Dei er symbol på kristninga av Noreg, og



nokre av dei ragar nesten fire meter i været på sentrale stadar som Korsund og Eivindvik.

Gravheller, ljoresteinar og steinkar vart også laga i brota; dei vart ganske sikkert produserte her av den enkle grunn at det i Hyllestad var mange erfarne folk som kunne kunsten å hogge stein. Men etter svartedauden gjekk det nedover med kvernsteinshogginga. Det stoppa likevel ikkje heilt opp, sjølv om andre kvernsteinsbrot fekk auka betydning på bekostning av Hyllestad etter reformasjonen. Dette er i glanstida til kvernsteinsbrota i Selbu i Trøndelag. Der heldt ein det gåande til 1914. Då hadde valsemøllene nesten fortrent vasskverna. Men små produksjonsblaff gjorde at Hyllestad truleg heldt ut lengst: Den siste kvernsteinen meint for salg vart hogd på garden Skor rundt 1930.

3. akt: Kvernsteinsparken

I 1930 var det nok lite fokus på den eldgamle industrihistoria i Hyllestad. Og gjennom krig og bygging av det nye Noreg var det vel berre Lihesten som visste kva som virkelig skjulte seg under mosen langs Åfjorden. Men på 1960-tallet kasta den kjente historikaren Ottar Rønneseth nytt lys på kvernsteinsbrota og deira betydning. Det skulle bli starten på eit lokalt eventyr som løfta Hyllestad fram i nasjonalt og internasjonalt lys på 1990-tallet. Det nystifta Kvernsteinslauget, kom-

munen, skulen, mange eldsjeler og folk flest forsto viktigheita av å alliere seg med fagfolk frå universiteta, Norges geologiske undersøking og Riksantikvaren for å studere brota. I dei siste 20 åra har forskning gått hand i hand med formidling, skuleprosjekt og ny kvernsteinshogging. Denne nye historia om kvernsteinsbrota har i stor grad fremja identitet og stoltheit i Hyllestad.

Eit høgdepunkt vart nådd i 2002, då dronning Sonja åpna Kvernsteinsparken, eit friluftsmuseum og formidlingssenter for kvernsteinshistoria – og arena for tallrike aktivitetar, med skuleprosjekt i sentrum. Men og det årlege Hyllestadseminaret er viktig, mellom krydder som Kvernsteinsmarknad og Kvernsteinsrock. Eit nytt høgdepunkt kom i 2010, då kvernsteinsbrota saman med fleire andre stadar frå vikingtida i Nord-Europa vart nominert til UNESCO si verdsarvsliste.

Det er altså ikkje mindre enn verdsarv vi snakkar om ytterst ved Sognefjorden, trass i at innskrivinga på UNESCO si liste enno let vente på seg. I mellomtida går det daglige arbeidet sin gang. Norsk Kvernsteinsenter vart etablert i 2009 for å drive med forskning, forvaltning og formidling av heile den norske kvernsteinshistoria. Senteret er ein liten organisasjon som i praksis fungerer som eit viktig knutepunkt for dei nasjonale interessene,



men med fokus på Hyllestad i museumsarbeidet.

I 2013 vart Norsk Kvernsteinsenter ei avdeling i Musea i Sogn og Fjordane og har med det fått ein endå større status som friluftsmuseum. Det er nemleg i Kvernsteinsparken det skjer. Her er det ope om sommaren for besøkande frå inn- og utland, her kan unge og gamle delta i handverksaktivitetar og få ein enkel matbit - og oppleve kvernsteinsbrota som er ein integrert del av parken. I steinbrota kan du sjølv sagt gå tur heile året med vår vesle guidebok som vegvisar. Eller du kan stikke innom kontora våre ved kommunehuset i Hyllestad for ein steinprat.

Velkommen til eit kulturminne av internasjonal klasse under mektige Lihesten!

Nyttige adresser:

www.kvernstein.no

www.facebook.com/Kvernsteinsparken

